



SPJELKAVIK KYRKJE

KONFIRMAN* 2026

Velkomen til eit lærerikt, morosamt og meningsfullt år!

Hos oss kan du velje mellom fleire ulike konfirmantopplegg –
finn det som passar best for deg!

NB! Du må sette opp minst to alternativ når du melder deg på,
sidan det er avgrensa tal på plassar i kvart opplegg.


Fellesopplegg

Uansett kva opplegg ein får plass på, er alle med på dette:

- Gudstenesteseminar
- Nattcup
- Konsert/gospelnight
- Naudhjelpseminar
- Innsamlingsaksjon (bøssebæring) for Kirkens Nødhjelp
- Minst 8 gudstenester, inkludert presentasjon og sjølve konfirmasjonen

Konfirmantundervisning

Vi tilbyr ulike undervisningsopplegg i grupper: KYRKJE, LEIR, KRIK og NETT. NETT-konfirmantane har også ulike «valfag». Vi har også nokre meir individuelt tilpassa opplegg.



KYRKJE-konfirmant:

60 plassar

- Samlingar i kyrkja etter skuletid, ca. annakvar veke
- Undervisning, aktivitetar og enkel servering
- Pris: **kr 800,-**

LEIR-konfirmant:

90 plassar

- 4 døgn på leir på Bjorliheimen 3.-7. okt. 2025
- 2 laurdagssamlingar på våren + 1-2 ekstra samlingar
- Pris: **kr 2700,- + reise**
- Foreldrehjelp til aktivitetar, dag- og nattevakter



KRIK-konfirmant:

30 plassar

- Leir: konFACTION Trøndelag 9.-12. okt. 2025
- Samling ca. ein gong i månaden
- Pris for medlemer i KRIK: **kr 2900,-**
- Pris for ikkje-medlem: **kr 3300,-**
(Medlemskap i KRIK: kr 120,-)
- Foreldrehjelp til nattevakter



<https://krik.no/konfactiontrondelag/>

Eksterne opplegg

plass etter ønske

Ønskjer du å bli konfirmert i Spjelkavik, men følgje eit opplegg hos t.d. Misjonssalen, bedehus eller pinsekyrkje?

Da kan du delta på fellesopplegget hos oss og få godkjent det andre opplegget som resten av konfirmasjonstida di. Du må sjølv melde deg på det andre opplegget og skaffe attest for deltaking frå dei.

Pris: **kr 300,-** + kostnad for det eksterne opplegget (t.d. KonFu ca. kr 2200,- i fjor).

Tilpassa opplegg

plass etter behov

Vi har god erfaring med å lage tilpassa konfirmasjonstid for dei som treng noko anna enn eit standardopplegg. Alle har rett til ei meningsfull konfirmasjonstid – uansett funksjonsevne. Ta kontakt etter registreringa.

NETT-konfirmant:

- Nettundervisning (10 tema) + oppstart og avslutning
- Kombinerast med eitt av vala under:



TUR/KLATRING (NETT):

15 plassar

- Ca. 1 tur per måned (kveldstur, dagstur og 1 med overnatting)
- Pris: **kr 1000,-**
- Passar for deg som likar friluftsliv og klatring
- Foreldrehjelp til turane

GLOBAL (NETT):

15 plassar

- Samlingar med fokus på miljø, rettferd og forbruk
- Pris: **kr 800,- + medlemskap i KFUK-KFUM**
- For deg som vil bidra til ei betre verd



AKTIV (NETT):

plass etter ønske

Er du allereie med i KRIK, kor, klubb, speidar eller anna kristent ungdomsarbeid så kan du få dette som ein del av konfirmasjonstida di.

- Minimum 15 timar deltaking
- Pris: **kr 600,-** + eigne utgifter i aktiviteten

Foreldredeltaking

Konfirmasjonstida er ei flott moglegheit for foreldre og føresette til å vere tett på og bidra i ei viktig fase av tenåringslivet.

- Konfirmanten skal gå på gudsteneste saman med ein vaksen.
- Vi treng hjelp frå foreldre på konfirmantleir, tur, kyrkjekaffi og fellesarrangement

Å bidra gir ikkje berre god hjelp – det kan òg gi fine fellesopplevingar og minne å dele.



Konfirmasjon – FOR ALLE!

Du treng ikkje vere sikker på kva du trur på for å vere konfirmant i kyrkja.

I konfirmasjonstida snakkar vi saman om Gud, livet, verdiar, deg sjølv og andre menneske. Du får vere deg sjølv – og bli utfordra på kva som er viktig i livet.

Påmelding

1. Informasjon for foreldre/føresette: **måndag 2. juni kl. 20:00** i Spjelkavik kyrkje.

2. Digital registrering via spjelkavik.menighet.no

Registreringa opnar etter informasjonsmøtet. Det er ein fordel at konfirmanten og ein føresett gjer registreringa saman.

Problem med registreringa? Kontakt kateket Jon Ivar Tønnesen direkte.

3. Innskriving og signering: **16. og 17. juni**

Konfirmanten møter saman med ein føresett. Oppmøtetid alfabetisk på etternamn (sjå tabell).

På innskrivinga:

- Sjekkar vi at alle registrerte opplysningar stemmer.
- Tar vi ein kort prat om konfirmasjonstida og svarar på eventuelle spørsmål.
- Skriv konfirmanten og ein føresett under på samarbeidsavtale og ordensreglar for konfirmasjonstida.

Måndag 16. juni		Tysdag 17. juni	
A	17:00	Lj-Lå	17:00
Ba-Bj	17:20	M	17:10
Bl-Bå	17:35	N	17:20
C-D	17:50	O	17:30
E	17:55	P-Q	17:45
F	18:10	R	17:50
G	18:30	Sa-So	18:15
Ha-Hj	18:45	Sp-St	18:35
Ho-Hå	19:00	Su-Så	18:55
I-J	19:20	T-U	19:15
K	19:25	V	19:25
La-Li	19:45	W-Å	19:35
<i>Det er OK å komme på eit anna tidspunkt så lenge dei fleste kjem innom i oppsett tidsrom.</i>			

Oppstart

Konfirmantopplegget startar i september.

Vi nyttar **Spond** som informasjonskanal til både konfirmantar og føresette.

- Dei som har Spond-appen frå før gjer lurt i å registrere seg hos oss med same e-postadresse som i appen.
- Konfirmantar må bruke ein annan e-postadresse enn foreldra.



Spond fungerer slik at dei som lastar ned appen, får meldingar direkte i appen med varsel på mobilen (anbefalast). Dei som ikkje kan eller ikkje vil bruke appen får dei same meldingane på e-post.

Konfirmantane blir lagt til i grupper i Spond seinast i månadsskiftet august/september.

Jon Ivar Tønnesen, kateket. e-post: jon.ivar.tonnesen@kyrkja.alesund.no

telefon: 94 53 99 06

Om konfirmasjon på våre nettsider: spjelkavik.menighet.no/konfirmasjon

Følg gjerne kyrkjelyden på facebook: <https://www.facebook.com/Spjelkavik.kyrkje/>